

Forskrift om dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta, Sogn og Fjordane

Heimel: Fastsett av Fylkestinget i Sogn og Fjordane 06.12.2016 med heimel i lov 3. juni 1983 nr. 54 om tannhelsetjenesten §5-1 tredje ledd.

§1. Forskrifta er gitt av Sogn og Fjordane fylkeskommune og er heimla i lov om tannhelsetenester §5-1 tredje ledd.

§2. Forskrift for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta gjeld berre dersom pasienten ikkje får dekka reisa på anna måte.

§3. Det er den rimelegaste reisemåten (buss, båt) som vert dekka. Bil kan nyttast dersom helsetilstanden til pasienten eller rutetider for offentlig transport tilseier at dette er mest hensiktsmessig.

§4. Pasienten/ føresette må sjølv betale reisekostandane og få refundert desse i etterkant.

§5. Eigenandelen på kr. 1000,- er per kalenderår.

§6. Ved bruk av privat bil vil taksten pr km følgje Helsenorge.no sin standardsats for transport, fastsatt årleg av Stortinget.

§7. Overnatting vert ikkje dekka.

§8. Utlegg for følgje etter at pasienten har fylt 12 år vert ikkje dekka.

§9. Tapt arbeidsforteneste for ledsagar vert ikkje dekka.

§10. Søknad om dekking av reiseutgifter må vere innsendt innan utgangen av året.

§11. Fylkesutvalet er klageinstans.

§12. Forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2017.